

Referat

Arbeidsgruppa for samarbeid om helse- og sosialfag

Møtedato: 28. oktober, kl. 10:00 – 15:00 Universitet i Stavanger – Kjell Arholms hus

Deltakarar: Einar Engebretsen (UiS), Randi Bergem (HVO), Jorunn Gjedrem (UiA), Anne Grethe Naustdal (HVL) og Ingrid Hovden Stava (HVL, sekretær)
Forfall: Anita Lyssand (VID), Per Einar Binder (UiB) og Ida Nagel Fredriksen (Studentrådet)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
16/19 Godkjenning av innkalling med sakliste	Referat frå møte 28. mai Godkjend via e-post	Godkjenne innkalling og sakliste med eventuelle endringar.	Anne-Grethe Naustdal	10 min
Referat: Presentasjon av deltakarane, gjennomgang av sakliste og mandatet for arbeidsgruppa.				
17/19 Prosjektplan for kompetansehevingsprogram for studieprogramleiiing innan helse og sosialfag	Handlingsplan for arbeidsgruppa for samarbeid om helse- og sosialfag 2019-2021	Diskutere oss fram til innhald vi meiner er viktig å ha med i eit kompetansehevingsprogram for studieprogramleiiing. Ved UiS har dei jobba med å utvikle programmet <i>Studieprogramledelse i høyere utdanning – et spørsmål om involvering, læring og organisatorisk grenseoppgang...</i> Dag Husebø ved UiS har leia dette arbeidet og han vil her innleiingsvis dele erfaringar med oss.	Innleiing om erfaringar ved UiS ved Dag Husebø Felles drøfting	80 min

		Planlegge nedsetting av arbeidsgruppe som utarbeide prosjektsøknad og program for kompetansehevingsprogrammet.		
--	--	--	--	--

Bestilling: Innan 1. oktober 2019 må vi ha arbeidsgruppa klar. 1 repr frå kvar institusjon + 1 student.

Referat:

Kompetansehevingsprosjektet byggjer på Meld. St. «Kultur for kvalitet», kor ein legg vekt på tydeleg leiing av alle studieprogram. Prodekanar for utdanning på lærar har allereie utarbeidd søknad om støtte til UH Nett Vest til kompetansehevingsprosjektet.

Diskusjon kring korleis eit slikt kompetansehevingsprogram for helse- og sosialfaglege utdanningar kan vera:

Målgruppe: Studieprogramansvarlege, studienær vitskapleg stilling. Rolla som studieprogramansvarleg (SPA) må definerast, institusjonane har ulik utforming av denne rolla. Hos nokon ligg det og personal- og økonomiansvar, hos andre berre leiing og koordinering av studieprogrammet. Må gjelde SPA for både bachelor og master.

Nokre stikkord frå idemyldring kring innhald: Skal ikkje vera eit vanleg leiarkurs, det er fokus på fagleg leiing av studieprogram. Fyrste tema innføring av ny studieplan og fokus på digitalisering av undervisning. Jobbe med utdanningsleiing, endring og forbetring. Fokus på helse- og sosialfaglege tema i studieprogramma. Sjå studieprogramansvar kontra emneansvar og samarbeidet dei må ha for å skape heilskaplege studieprogram. Resultat frå studiebarometeret må inkluderast. Samanheng mellom LUB og vurdering. Implementering og vedlikehald av studieprogram. Korleis sikrar ein medverknad? (studieprogramråd) Erfaringsutveksling. Lage emne saman, kunne nytte seg av ressursar på tvers av institusjonar. Korleis leie fellesemne, og få tilsette til å forstå at emneplanen er bindande? Kva er kvalitetsfaktorar i systemet? Internasjonalisering. Rike vurderingsformer. Kva rører seg i sektoren. Tema til samlingane kan komme til litt undervegs, etter innspel frå deltakarar.

Nokre stikkord frå idemyldring organisering: Vi må skape ein god møteplass for deltakarane. Lage programmet meritterande. 3-4 samlingar totalt, kor ein har noko digitalt. Dele inn noko felles og noko fagspesifikt (barnevern, sosialt arb. osv) Fortrinnsvis lunsj-til-lunsj-samlingar, med oppstart våren 2020. Ressurspersonar innan leiing må inn. 30 deltakarar, maks. Samlingar i Bergen, det er billigast og mest praktisk for alle. Setje det opp på ulike dagar i veka, for å gi flest mogleg sjansen til å vera med. Deltakarane bør oppmodast til å opprette ei arbeidsgruppe i etterkant.

Tiltak: Lærarutdanninga søkte om 150.000 for 4 samlingar, forslag om at me berre gjer det her i gruppa snarast råd, for å få inn søknaden, helst før jul. Søkje om 4 samlingar/2 år. UiS har ein funksjonsskildring til studieprogramleiar, skal me bruke frå denne? Viktig å kunne koble det til forskingsprosjekt, lett å søkje via UH nett vest. Premiss; institusjonane må stille med toppleiiing, minst instituttleiar for å sikre forankring i institusjonane. Sende invitasjon gjennom Outlook, legge alle samlingane i kalenderen med ein gong.

Dag Husebø presenterte UIS sitt opplegg kring studieprogramleiiing og resultat/forskning kring dette. Dei har no ein artikkel inne til fagfellelvurdering som omhandlar dette prosjektet ved UiS.

Hadde med studieprogramleiarar når dei utarbeidde kurset, samt utdanningsleiing, studentar, administrasjon, HR. Dreiv systematisk innsamling av data, som har resultert i ein artikkel. Vart rekna som profesjonaliseringstiltak som fører til merittering.

Stikkord: Meld. St. 16 og tilsynsforordning, NIFU-rapport om studieprogramleiing, Solbrekke 2016, involvering av studieprogramleiarar, kjennskap til forskning, ekstrem spreiding i akademisk pondus. Finne balanse mellom læring via tilegning og læring gjennom deltaking i sosiale fellesskap. Ringstabekk-kurs.

Evaluerings: Kva var bra med denne opplæringskurven, og kva kunne vore gjort annleis? Dei fekk mellom anna tilbakemelding på at det var for mykje administrativt innhald, og for lite fagleg.

Studieprogramleiarar står i kryssild mellom:

Studentar og kollegaer:

Intimitetsproblematikk knytt til innsyn i studentevalueringar. (Når studentane kjem til deg med noko om ein annan lærar). Lojalitetsproblematikk. Glede av studentkontakt og høve til å bidra. (mening) Meiningsbærande å lære meir om egen org og om utdanningsform gjennom andre i faglege fellesskap.

Emneevaluering og emnerevisjonar:

Kva gjer du med tilbakemeldingar? Korleis implementerer du det i neste års revisjon? Dersom ikkje evalueringane påverkar revisjonsarbeidet, kvifor har vi det? Ein saknar kvalifiserte diskusjonar kring korleis ein implementerer dette. Har fått eit meir heilhetlig perspektiv på utdanninga og ser på desse ut frå eit studieprogramnivå. Skal studieprogramnivået gis eit primat i forhold til å definere innhald, arbeids- og vurderingsmåtar for studentane si læring i emne? Kanskje dette emnet faktisk bør vera slik og slik, gitt emnets eigenart, sjølv om det kontradikterer studieplanen.

Funksjonsskildringar og til å følge opp: Det skjer for mykje frå dag til dag til at ein rekk å følge opp. Etablert møteplass kor ein avklarar ansvar.

Instituttleiar og emneansvarlege:

Være løpeguttar for instituttleiar til emneansvarleg? Manglar mandat for leiing. Nokre set pris på det uformelle handlingsrommet, utan personalansvar.

Sjølvstende, støtte og oppfølging: «kvifor skal me gjennom dette? Dette kan me frå før»

Presentasjonen frå Husebø fylgjer referatet. Vi kan bruke ein del av deira erfaringar inn i vår søknad. Anne-Grethe og Ingrid opprettar arbeidsrom i teams og vi samskriver alle på ein søknad.

18/19 Samarbeidskultur Vestlandet	Handlingsplan for arbeidsgruppa for samarbeid om helse- og sosialfag 2019-2021	Diskutere vidare saka om samarbeid om utdanning og læring på tvers av institusjonane. Bestilling: Alle i arbeidsgruppa har med forslag til tema til noko som kan delast eller utviklast i lag.	Ta avgjer kring tema for samarbeid Felles drøfting	45 min

Referat:

HVL: jobbar for tida med open utdanning, DLR (unit) skybaserte læringsressursar. *Modell for praksisveilederutdanning for helse- og sosialfaglige utdanninger* ligg i Commons, kan søkjast opp av alle. Kunnskapsbasert praksis, straks klar.

HVO: har hatt prosjektleiaransvar for prosjektet **Nettbasert TPS i Vest**. Prosjektet er forankra i Arbeidsgruppa for tverrprofesjonell samarbeidslæring i UH-nett Vest. Prosjektet har utvikla og pilotert eit nettbasert tverrprofesjonelt undervisningsopplegg, på tvers av utdanningar og campus. Adobe Connect er brukt. UiS: Jobbar med digitale læringsressursar, appar, opne forelesingar? Podkaster. Frå UiS ved Institutt for sosialfag har Inger Cecilie Rise m.fl. utvikla Fagpodcast: «*Du og jeg og vi to*», link til desse: <https://nettop.guru/wordpress/category/du-og-jeg-og-vi-to/>. UiA: Er ikkje i gong enno, men er positive.

Tiltak: Alle skal få tak i ein ressursperson frå kvar institusjon innan 11. november som kan jobbe vidare i ei arbeidsgruppe som skal sjå på tema som kan delast. Dei skal skrive ein søknad for å få midler til e-læringsressursar til utdanningssamarbeid og frikjøpe folk før jul.

Sjekk UiT si ressursnettside «[Senter for samiske studier](#)», det kan brukast i RETHOS-arbeidet.

19/19 Samarbeid om praksis i helse- og sosialfag		Diskutere spørsmål jf. punkta i handlingsplanen. Planleggje samling med erfaringsutveksling og aktuelle innlegg.		60 min
---	--	--	--	--------

Referat: Ynskje om å få til ein seminardag der me deler erfaringar frå praksis. Utforme det som årleg samling, fyrste samling i oktober 2020? Ulike tematikkar, mellom anna kvalitetssikring av utenlandsstudier, internasjonal praksis, beredskap mm.

Tiltak: Alle skal få tak i ein ressursperson innanfor praksis, hovudsakleg fagleg, innan 11. november frå kvar institusjon som kan jobbe vidare med dette, dei kan få utforme mandatet sjølv. Viktig for både fag og administrasjon.

Anne Grethe og Ingrid startar på ein fellessøknad og dei andre fyller på.

20/19 Orienteringar				30 min
----------------------------	--	--	--	--------

Referat:

21/19 Ymse		Setje opp møteplan for 2019/2020		15 min
-------------------	--	----------------------------------	--	--------

Referat: Neste møte på Skype, Anne Grethe og Ingrid set opp forslag til møte i februar og mai. Neste fysiske møte til hausten i Kristiansand.

22/19 Eventuelt				
------------------------	--	--	--	--

Referat:
Barnevern. Skal bli ein 5-årig master. Det er komen to skriv sist veke, og ein kan ikkje sjå at utdanningsinstitusjonane har vore involverte. Prosessen er kritikkverdig. UiA har allereie ein integret 5-årig master. Arbeidsgruppa er bekymra for situasjonen, og vil halde det oppe som ein sak i møtene. Til møtet hausten 2020 kan UiA dele informasjon om masterløpet sitt:
Korleis er studieplanen, fagmiljø, praksisforløpet, kostnad mm.